



Protokoll frå meklingsmøte

Kommune:

Surnadal kommune

Sak:

Detaljregulering for Orrenlia hyttefelt

Stad og dato:

Fylkeshuset, 16. oktober kl. 10-15

Møtedeltakar:

Statsforvaltaren:

Else-May Botten – statsforvaltar
Frank Madsøy – områdedirektør
Ulf Lucasen – underdirektør
Frida Farstad Brevik – plansamordnar
Astrid Buset – seniorrådgjevar
Yngvild Meinset – seniorrådgjevar

Surnadal kommune:

Hugo Pedersen – ordførar
Håvard Stensønes – enhetsleder areal- og naturforvaltning

Tema for mekling

Kommunen har lagt fram eit forslag til detaljregulering for Orrenlia hyttefelt. Føremålet med planen er å legge til rette for eit nytt hyttefelt med gangtilkomst, parkering og naust i Orrenlia i Nordmarka. Planområdet er om lag 487 dekar stort. Det er forslag om å regulere 35 nye hytter i tillegg til åtte eksisterande, eldre hytter i planområdet.

Statsforvaltaren har motsegn til planforslaget. Motsegna er grunngjeve i at store delar av planforslaget om ny fritidsbusetnad ikkje er i samsvar med overordna kommuneplan. Delar av utbygginga kjem i konflikt med nasjonale mål for naturmangfold, friluftsliv og strandsone langs vassdrag. Motsegna er knytt til følgjande:

- Naustområde UNB_2
- Føresegrn § 3.1.3 som opnar for naust inntil 30 m²
- Hyttetomtene 1-5, 7, 22-24, 25-29, 32, 34-35
- Manglande avklaring av trasé for vatn, el-kabel og veg til hyttene. Trasé for teknisk infrastruktur er ikkje vist i plankartet

Frå meklingsmøtet

Surnadal kommune

Kommunen viste innleiingsvis til at:

- Planforslaget er grundig utgreidd og gjennomarbeidd
- Planforslaget er i tråd med kommunen sine føringer for ønska arealbruk

Kommunen gjekk kort gjennom planstatus i gjeldande arealdel og viste vidare til kva vurderingar og prioriteringar som ligg til grunn for ønska arealbruk:

- Det er gjort grundige naturmangfaldsvurderingar
- Det er tatt omsyn til friluftslivinteresser, særleg knytt til vassdraga i området
- Hytteområdet ligg nært Vestre Nordmarksvegen og FV 65



Konklusjon og videre oppfølging

Partane blei einige om følgjande:

Motsegnspunkt – hyttetomtene 1-5, 7, 22-24, 25-29, 32, 34-35

- Hyttetomtene 22-29 tas ut
- Hyttetomt 7 flyttes nærmere dei andre hyttene, slik at den ikkje blir liggande for seg sjølv nede på flata
- Motsegn til hyttetomt 1-5 trekkes
- Motsegn til hyttetomt 32 trekkes
- Hyttetomt 34 tas ut
- Motsegn til hyttetomt 35 trekkes

Motsegnspunkt naust UNB_2 og føresegn § 3.1.3

- Naustområde UNB_2 tas ut. Kommunen ser på behovet for å utvide naustområde UNB_1
- Føresegn i § 3.1.3 blir oppdatert og fastsett ein storleik på naust til 20 kvm

Motsegnspunkt infrastruktur

Det leggast inn eit bestemmelsesområde med byggeforbud for område med utvalgt naturtype slåttemyr (jf. omsynssone) og myra mot vest til vass-skiljet i føresegna.


Føresegn § 2.4 endrast i tillegg med følgjande (fet skrift):

«Legges det strøm inn i feltet må strømledning legges i kabel og grøft skal tildekkes med stedegen vegetasjon. Grøft må ikke drenere myr. Grøft må graves med minigraver eller for hånd.»


Meklinga har ført fram.

Kommunen gjer endringar i plankart og føresegn og sender dette over til Statsforvaltaren.

Surnadal kommune legg saka fram for kommunestyret før jul for endeleg vedtak.



Hugo Pedersen
ordførar



Else-May Botten
statsforvaltar